

INVITASJON

FJORD NORD - treffet

MÅLØY
15. APRIL

NordfjordTreffet 2025

Vi vil med dette ønske deg hjarteleg velkommen Nordfjords største Nettverks- og rekrutteringsmesse - NordfjordTreffet!

NT25 blir i 2025 gjennomført i Måløy / Nordfjordhallen 15.04.25 kl 14:45 - 21:00

Frå heile Nordfjord, og frå alle bransjar og næringar, kjem ca. 70 av dei råaste og beste bedriftene og folka som jobbar der for ein av årets kjekkaste samankomstar.

NordfjordTreffet er ein festdag for det fantastiske næringslivet vi har i regionen, og ALLE som vil er hjartleg velkomne til NordfjordTreffet

Vi gledar oss til å sjå deg!

12:00 - 14:45	Dørene opnar / rigging
14:45 - 17:15	Nettverk Nordfjord
17:15 - 18:15	Foredrag: Fredrik Fornes
18:15 - 18:30	Nordfjordprisar
18:30 - 21:00	Nordfjordtreffet
21:00	Avslutning
21:00 - XX:XX	Etterfest på Kadaver

NB: 18-års aldersgrense på heile arrangementet

Påmelding



Påmelding

Påmelding



NETTVERK NORDFJORD (14:45 - 17:15)

For tredje året på rad inviterer vi alle aktører som har stands til å delta på Nettverk Nordfjord.

I Nettverk Nordfjord er målsettinga at bedriftene i regionen skal bli betre kjent med kvarandre, har det kjekt saman og får litt fagleg påfyll. I 2024 deltok over 120 personar på nettverkssamlinga.

På Nettverk Nordfjord under NK25 er tematikken "rekruttering" og Tonje Bjerkan frå Nordfjordkompaniet vil saman med Jenny Staalnacke frå Stryn NH leie denne sesjonen.



FREDRIK FORNES (17:15 - 18:15)

Fredrik Fornes er markedsfører, foredragsholder og forfatter. Han har blant annet produsert hundrevis av innlegg og videoer om LinkedIn, arbeidsliv, karriere, rekruttering og aldersdiskriminering til sine over 45 000 følgere på LinkedIn og 15 000 følgere på Instagram. Fredrik er rangert som den tredje mest innflytelsesrike stemmen på norsk LinkedIn, bak Nicolai Tangen og Petter Stordalen. I august debuterte han med boken «Ingen bryr seg om karrieren din - før du selv gjør det», som solgte over 1000 eksemplarer de første 30 dagene.



NORDFJORDPRISEN (18:15 - 18:30)

Vi har utruleg mange dyktige, berekraftige og framsynte bedrifter i Nordfjord. På NordfjordTreffet har vi tre årlege kåringar for bedrifter som har utmerka seg litt ekstra. Det er dei lokale vekstselskapa (årets grunder og bedrift) frå alle våre fem vakre kommunar, og opplæringskontor (årets lærebedrift) med lærlingar i Nordfjord som både nominerer og kårar vinnarar i dei ulike kategoriane.

Prisane som blir delt ut er:

- Årets Grunder - Årets lærebedrift - Årets bedrift.



NORDFJORDTREFFET (18:30 - 21:00)


Med over 70 bedrifter/ aktører på stand og mellom 4-500 gjestar ligg det meste til rette for både nettverksbygging, profilering og rekruttering.

Årleg får vi meldingar om både bedrifter som har rekruttert personar dei har kome i kontakt med på NordfjordTreffet og bedrifter som har "funnet saman" og kan drive lokal verdiskaping via lokal handel eller samarbeidsprosjekt



STUDENT-AKTIVITETAR (09:00 - 18:30) - Meir info vil kome

- **Møt næringslivet i Paradis:** Nordfjordkompaniet vil i år igjen finne på ein artig møteplass for studenter og bedrifter der målsettinga er å legge til rette for at studentar og næringslivet blir betre kjent
- **Bachelor- og master TIPS:** Har du lyst å skrive bachelor eller masteroppgåva di i samarbeid med ei bedrift i Nordfjord? Studiehub - Fjordane Studiesenter, Nordfjordkompaniet og Studiesenteret kysten har eit opplegg klart for deg og bedriftene
- **Sommarjobb i Nordfjord:** Er du på leiting etter sommarjobb i Nordfjord? Då får du meir informasjon om dette på NT25. Nordfjordkompaniet ønskjer å hjelpe DEG med å få sommarjobb!



NORD FJORD



- treffet

MÅLØY
15. APRIL

VELKOMEN TIL NORDFJORDTREFFET 2025



Bilde frå NT 2024, Gloppen



INVIRO

NK
NORDFJORDKOMPANIET
FRÅ STYRE TIL YRKE

STRYN
NÆRINGSKAGE

Måløy Vekst



NORDFJORDHALLEN
IDRETT & KULTUR

SparebankenVest

SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

Representanter still
N
F
J
O
R
D